

ØKONOMISK RÅDGJEVING OG GJELDSRÅDGJEVING

Har du gjeld og får problem med å betale den, eller har problem med å disponere pengane slik at dei strekk til, er det viktig å søkje hjelp i tide. Økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving er for å hjelpe deg slik at du blir i stand til å styre økonomien din sjølv.

Tenesta er gratis og er for innbyggjarar over 18 år som er busette i Bygland kommune. Bygland kommune har lagt denne tenesta til NAV Bygland.

KVEN KAN FÅ ØKONOMISK RÅDGJEVING OG GJELDSRÅDGJEVING?

- Har mykje gjeld.
- Klarer ikkje å betale rekningane dine.
- Har gått ned i inntekt og ikkje klarer å redusere utgiftene.

KVA KAN DU FÅ HJELP TIL:

- Få oversikt over eigen økonomi – setje opp budsjett på dine inntekter og utgifter og gjeve deg råd om kva du må gjere for at budsjettet skal gå i balanse. Det er viktig å ikkje opparbeide seg meir gjeld.
- Lage ein oversikt over din økonomiske situasjon.
- Hjelp til å søkje om endring/stopp av trekk i løn/trygdeytelsar.
- Hjelp til å kontakte/forhandle med dine kreditorar for å finne ei løysing på nedbetaling av gjelda di.
- Gjeve deg informasjon om saksgong i ei gjeldssak.
- Kontakte Namsmannen der ein ser at offentleg gjeldsordning kan vere ei løysing.

Vårt arbeid oppfyller gjeldsordningslova sine krav om at du fyrst må ha prøvd sjølv å ordne opp i den økonomiske situasjonen før det kan søkjast om rettsleg gjeldsordning.

GRATIS RÅDGJEVING

- Kontakt ditt lokale NAV kontor for å bestille time.
- Opne all post, og lag deg ein oversikt over dine kreditorar.
- Ta med til første møte: Løns-/trygdeutbetaling for dei 3 siste månader, buutgifter, utskrift av siste likning og oversikten over dine kreditorar.
- Dette tilbodet er hjelp til sjølvhjelp, du må gjere det du får til sjølv, ut fra dei råd som blir gjevne.
Økonomirådgjevar/gjeldsrådgjevar er tenestebasera og

hjelp deg kun med økonomisk rettleiing, ikkje med økonomisk stønad.

Kartlegging og enkel rådgjeving vil rådgjevar hjelpe deg med.

For å få økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving, kan det vere noko ventetid.

DU KAN OGSÅ RINGE **800GJELD** (80045353)

ØKONOMIRÅDSTELEFONEN I NAV.

Her får du enkle råd om hjelp til sjølvhjelp.

Lenker:

[Økonomisk Rådgivning](#)

[Bostøtte](#)

[Budsjettskjema](#)